

**KONTROLLUTVALET I  
GISKE KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 07.05.2013 kl. 12.00

Møtestad: Skeidarbygget

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades: Arnfinn Rune Giske, Harald Hole og Ruth Roald  
**= 4 voterande**

Anne Lise Hessen Følsvik hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Giske kommune møtte ordførar Knut Støbakk og økonomisjef Sigmund Strand.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

**SAK 09/13**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 08.04. 2013**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 21. mars 2013 blir godkjent.

**SAK 10/13**

**ÅRSMELDING 2012 – GISKE KOMMUNE**

Innstilling datert 02.05.2013 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2012 for Giske kommune til orientering

**SAK 11/13****KOMMUNEREKNESKAPEN 2012 – GISKE KOMMUNE**

Innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 02.05.2013

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Giske kommune sin rekneskap for 2012 blir godkjent
2. Innan enkelte rammeområde ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47.
3. Det blir vist til overbudsjetteringar i investeringsbudsjettet. Investeringsbudsjettet skal vere realistisk og det bør kome fram kvifor måla ikkje er nådd.

**SAK 12/12****SLUTTAVTALE MED RÅDMANNEN (saka kom opp under eventuelt)**

Det vart votering om saka skulle opp under eventuelt. Dette vart vedteke med 3 mot 1 røyst. Det vart vidare ei votering om ordførar sin habilitet skulle bli juridisk vurdert. Dette fall med 3 mot 1 røyst. Formannskapet sitt brev i saka vart deretter delt ut.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Sluttavtale med rådmann blir utgreidd.

Dag Oksnes  
leiar  
(sign.)

Arnfinn Rune Giske  
medlem  
(sign.)

Harald Hole  
medlem  
(sign.)

Ruth Roald  
medlem  
(sign.)